

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 29.06.2015
SAKSHANDSAMAR: Synnøve Serigstad
SAKA GJELD: **Møteplan og årsplan for styret i Helse Vest 2016**

ARKIVSAK: 2014/786
STYRESAK: **078/15**

STYREMØTE: **21.09. 2015**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret sluttar seg til årsplanen , årshjulet og møteplan for 2016.

Oppsummering

Lagd ved denne saka er utkast til årsplan med møteplan for styret i Helse Vest RHF for 2016. Som vedlegg til årsplanen følger årshjul. Årsplan er eit verktøy for å skape oversikt, strukturere styrearbeidet og prioritere tida slik at dei rette og viktige sakene får breiast plass.

I årsplanen for 2016 er det lagd inn to styreseminar for styret i Helse Vest RHF.

Det er lagd inn fellesmøte med styra i dei 4 sjukehusføretaka i Helse Vest. I tillegg er det lagt inn fellesmøte med brukarutvalet i Helse Vest, og presentasjon av Helse Vest IKT AS, Sjukehusapoteka Vest HF, dei private ideelle og av pasient- og brukaromboda i Helse Vest.